



Knut Skare

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1676 - 14/5324

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
13.03.2014

Gangveg til hytteeigedom gbnr 84/18 Kvalvågnes

Viser til tidlegare korrespondanse i saka, og til ditt svarbrev datert 26.02.2014.

Vi konstanterer at vi har bomma på eitt punkt i vårt første svarbrev: Eitt ord i teksten, og datoen på formannskapssak 09/00, som skal vera 20.01.2000, og utfallet av sakshandsaminga, som var utsetting av saka. Formannskapet vedtok altså ikkje framlegget som inneheld vilkåret:

4. Frå snuplassen og fram til hyttene kan det berre tiltettelegast gangveg.

Men vilkåret var med i det delegerte vedtaket om rammeløyve og igangsettingsløyve. 23.10.2000. Feilsitatet «skal» i staden for «kan» går i denne samanheng ut på eitt.

Telefaksane frå deg som ligg på saka, uttrykker ditt synspunkt, ikkje kommunen sitt. Påføringa med kulepenn er gjort på eit situasjonskart som kom inn 15.11.2000, ei veke etter den samtalen du refererer til og telefaksane 08.11.2000.

Eg har konferert med tidlegare bygningssjef, Lars Johan Haukås. Han stadfestar at han har skrive teksten «gangveg/sti» på situasjonsplanen med kulepenn. Haukås seier også at kommunen aldri har godkjent kjøreveg frå parkeringsplassen fram til hytteeigedommen din.

Fullmakta frå Verlo omhandlar «bilveg» fram til felles parkering og «veg» til eiga tomt. Avtalen om vegrett er nyare, og spesifiserer «gangveg inntil 1,5 meter» fram til eigedommane.

Det nest siste avsnittet i brevet ditt finn vi ikkje mening i.

Konklusjon:

Kommunen står framleis på at det ikkje ligg føre løyve til å etablere kjøreveg fram til gbnr 84/18 – ikkje offentlegrettsleg eller privatrettsleg.

Kommunen er ferdig med denne saka og kjem ikkje til å ta spørsmålet om kjøreveg opp til ny vurdering.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Petter Kaurel

Mottakarar:
Knut Skare